



Ove Jan Paulsen  
Veråsvegen 48  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2220 - 17/33398

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
24.11.2017

## Orientering om vedtak i Plan- og miljøutvalet -gbnr 108/597 Lindås

Det vert vist til søknad om dispensasjon frå plankrav i KPA samt søknad om løyve til etablering av einebustad med tilhøyrande anlegg på eigedom gbnr. 108/597 Lindås.

Saka vart handsama av Plan- og miljøutvalet i måte den 22.11.17, der følgjande vedtak vart fatta:

### **PM-VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå plankravet i § 1.1 i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023. Dispensasjonen gjeld oppføring av einebustad med tilhøyrande infrastruktur på eigedom gbnr. 108/597.**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i eitt trinn for oppføring av einebustad på eigedom gbnr. 108/597. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:**

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 12.01.17 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Tiltaket skal knytast til kommunalt vassverk/kloakkanlegg i samsvar med løyve til påkopling datert 13.06.17, og utførast i samsvar med godkjent situasjonsplan.**
- 3. Tiltaket får tilkomst til offentleg veg. Veg og avkjørsle skal opparbeidast i samsvar med løyve frå vegstyresmakta datert 10.04.15.**

**Ved søknad om ferdigattest/mellombelsbruksløyve skal følgjande ligge føre:**

- 1. Godkjent ferdigmelding på tilkopling til offentleg VA anlegg**
- 2. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.**

**Grunngjeving av vedtaket går fram av saksutgreiinga.**

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

### **Klage**



Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Dokument i saka finn de [her](#)

Med helsing

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Dispensasjon og løyve til etablering av einebustad - gbnr 108/597 Lindås

**Kopi til:**

Ck Nor Bygg AS	Postboks 8	2909	
Espen Hodnekvam	Krambuhaugen 32	5955	LINDÅS

**Mottakarar:**

Ove Jan Paulsen	Veråsvegen 48	5955	LINDÅS
-----------------	---------------	------	--------